


Installering av MATLAB



MATLAB er ei korting for Matrix Laboratory – «matriselaboratorium». Det kan brukast til mykje som har med tal og matematikk å gjere. Ein del av dette skal lære i dette kurset.

Vi installerer MATLAB frå MathWorks si eiga side. (MathWorks er selskapet som har laga, utviklar og sel MATLAB – i tillegg til andre applikasjonar.)

Før vi får installert, opprettar vi ein konto på nettsida deira, mathworks.com. Velg «Create Account» oppe i høgre hjørne. Når du blir bedt om å gi e-post-adressa di, er det viktig at du brukar HiOA-adressa di (s????@stud.hioa.no). Om du vél ei anna, privat adresse, vil det ikkje fungere. Vidare skal du på spørsmålet «How will you use MathWorks software?» svare «Academic use (including campus/site license use)» (du skal ikkje velge «Student use ...»).

Etter å ha oppretta konto loggar du deg på (oppe i høgre hjørne) og vél «Manage Licenses». Deretter klikkar du på «Add License». I det vindauge som dukkar opp, hukar du av «Activation Key».

Etter det skriv du inn aktiveringsnøkkelen, som er

11110-78942-32755-88470-28494

For å laste ned sjølve programvara, klikk «Download Products» og følg instruksjonane vidare. For Windows køyrer du «setup.exe», for Mac vél du «InstallForMacOSX» og Linux-brukarar vél «install.sh». Under installeringa skal du spesifisere at du skal installere via internett og du bør velge «Typical» installering (dette sikrar at du får med alle produkta som lisensen inkluderer). Du blir også bedt om å spesifisere kva mappe du vil at MATLAB skal bli lagra i. (Det vil nok bli føreslått ei mappe.)

Heilt til sist skal programvara *aktiverast*. Dette skjer i ein eigen dialogboks som heiter «WathWorks Software Activation».

MATLAB kan installerast på fleire maskinar.

Dersom datamaskina di eller brukarkontoen din har eit namn som inneheld æ, ø eller å, kan du du dessverre få problem med installeringa.

Ikkje ver redd for å ta kontakt dersom du skulle få problem med installeringa.

-Solve